UiT
NOREGS
ARKTISKE
UNIVERSITET

Avdeling for utdanning
Arkivref.: 2017/2226/JJO010
Dato: 22.11.2017

Oppretting av bachelorprogram i paramedisin – universitetsdirektøren sine utfyllande vurderingar og merknadar

Innleiing

Det helsevitskapelege fakultet har søkt om å få opprette eit nytt bachelorprogram i paramedisin frå hausten 2018. Universitetsdirektøren har i saksframlegget gitt sine overordna vurderingar av søknaden, og universitetsstyret har blitt bedt om å ta stilling om programmet skal opprettast. I saka gjer universitetsdirektøren oppmerksam på at det framleis er krav knyta til mellom anna fagmiljø og rekrutteringsgrunnlag som fakultetet ikkje har gjort godt nok greie for i søknaden. Universitetsdirektøren vil i det følgjande gi ei nærare vurdering av dei forholda som fakultetet ikkje har svara godt nok på, og som normalt skal vere avklart før eit nytt studieprogram kan bli oppretta. Mindre forhold som ikkje har betyding for sjølve godkjenninga av programmet vil ikkje bli kommentert i vurderingane, men vil bli tatt direkte med fakultetet i etterkant av universitetsstyret sitt vedtak.

Rekruttering og behov for den aktuelle kompetansen i samfunnet: Fakulteta skal etter bestemmingane i studietilsynsforskrifta § 2-2 gjere greie for rekrutteringsgrunnlaget og behovet for den aktuelle kompetansen i samfunnet. I desse vurderingane skal ein og gjere greie for etterspørsel/behov og samla kapasitet knyta til tilsvarande eller liknande tilbod ved eigen eller andre institusjonar. Fakultetet svarar i søknaden berre delvis på desse spørsmåla, og dei har ikkje gjort ei grundig nok vurdering av alle desse forholda slik studietilsynsforskrifta krev.

Når det gjeld behovet for utdanninga, viser fakultetet til at UNN har gitt klart uttrykk for at dei har behov for at det opprettast eit tilbod i Tromsø. Etter det universitetsdirektøren forstår har i dag ca. 15 prosent av dei fast tilsette i ambulanseavdelinga ved UNN tilleggskompetanse i form av sjukepleiarutdanning eller paramedicutdanning. Ein antar at vil det vere eit behov for 120 nye paramedisinarar (eventuelt sjukepleiarar) ved UNN innan 2022. I dette talet er det ikkje tatt høgde for utflytting og naturleg avgang. Slik sett har fakultetet gjort greie for at det er eit behov for studietilbodet, også i åra framover.

Når det gjeld spørsmålet om rekrutteringsgrunnlaget, er det framleis nokre forhold som fakultetet ikkje har svara på. Dette gjeld først og fremst om dei som er i målgruppa for å ta dette studiet vil kunne dekke opptakskrava til programmet som i utgangspunktet er generell studiekompetanse. I tillegg må søkjarane ha førarkort klasse B, og dei må bestå ei fysisk opptaksprøve som inkluderer ei eigenerklæring om symjedugleik. Fakultetet har sett på opptakstala frå Nord universitet i 2017. Dei hadde 337 søkarar til sitt studium i paramedic. Av desse hadde 263 søkjarar paramedic som sitt førsteval. Etter ein nærare gjennomgang av opptaksdokumentasjon og bestått fysisk test var det berre 65 søkjarar som framleis var med i konkurransen om dei 30 plassane. Fråfallet i talet på kvalifiserte søkjarar frå søknadsfristen til hovudopptaket er med andre ord betydeleg. Same trend ser ein i opptakstala frå Høgskulen i Oslo og Akershus[1]. Universitetsdirektøren meiner derfor det er viktig at fakultetet gjer eit arbeid ut mot målgruppa for studiet for å sikre at dei som ein ønsker å rekruttere dekkjer dei opptakskrava som er fastsett.

[1] For meir informasjon, sjå Samordna opptak sine nettider https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/

Fakultetet skriv i søknaden at dei har vurdert å foreslå at det opprettast ei opptaksordning via den såkalla Y-vegen som gjer at søkjarar med relevant fagbrev og 12 månadars relevant praksis kan bli vurdert for opptak. Det er Kunnskapsdepartementet som fastsett kva for slags studium som kan ha opptak via Y-vegen. UiT må derfor søkje Kunnskapsdepartementet om ei slik ordning. Universitetsdirektøren ser at eit opptak via Y-vegen vil kunne betre tilgangen på kvalifiserte søkjarar. Om fakultetet framleis ønsker å vurdere denne ordninga for bachelorprogrammet i paramedisin må først dei avklare dette i samarbeid med Nord universitet og Høgskulen i Oslo og Akershus. Det er viktig at ein eventuell søknad om etablering av eit Y-vegopptak er koordinert mellom lærestadane som tilbyr utdanning innan ambulansefag.

Fakulteta skal vidare kunne vise til at dei har vurdert rekrutteringsgrunnlaget ut frå forventa kapasitet knyta til tilsvarande eller liknande tilbod ved eigen eller andre institusjonar. Fakultetet har så langt ikkje svara på om deler av rekrutteringsbehovet kan vere dekt gjennom dei 30 studieplassane som ein allereie har oppretta ved Nord universitet i Bodø. Slik universitetsdirektøren ser det, vil ei utdanning i paramedisin i Tromsø i første omgang ikkje vere i direkte konkurranse med Nord universitet. Programmet som ein foreslår å opprette i Tromsø skal vere eit fulltidsstudium, mens studiet til Nord universitet i Bodø gis som eit deltidsstudium, nett- og samlingsbasert. På sikt vil ytterlegare 20-25 nye studieplassar i Nord-Noreg kunne påverke den samla rekrutteringssituasjonen i landsdelen, særleg om ein ikkje lykkast med å rekruttere eit tilstrekkeleg tal på kvalifiserte søkjarar. Ein konsekvens kan bli at tilbodet blir større enn etterspørselen. Det er derfor viktig at det gjerast grundigare analysar av det reelle rekrutteringsgrunnlaget innan paramedisin i Nord-Noreg dei kommande åra slik at det ikkje blir oppretta fleire studieplassar i landsdelen enn det er enn det finst kvalifiserte søkjarar til.

Universitetsdirektøren viser vidare til at universitetsstyret i sitt møte i oktober 2017 *(sak S 36/17)* har vedtatt ein utviklingsavtale mellom UiT og Kunnskapsdepartementet. Eitt av punkta i denne avtalen er at UiT skal utvikle eit godt regionalt samarbeid og ha ei avklart arbeidsdeling mellom Nord universitet og Samisk høgskule. Dette er i tråd med dei signala som Regjeringa har gitt i meldinga *Kultur for kvalitet i høgre utdanning.* Her blir det uttrykt klare forventningar om auka samarbeid om tilbod og etterspørsel etter utdanning mellom lærestadane. Regjeringa forventar også at universiteta og høgskulane samla nyttar dei høva som den nye institusjonsstrukturen gir til koordinering og samarbeid om utdanningstilbod. Universitetsdirektøren vil med bakgrunn i avtalen som er inngått med departementet be fakultetet om å gå i dialog med Nord universitet og Helse Nord med tanke på å få etablert ei felles plattform for samarbeid og utvikling av bachelorutdanningane i paramedisin/paramedic i Nord-Noreg.

Krav til fagmiljø: Ved søknad om oppretting av nye studieprogram har fakulteta eit ansvar for å gjere greie for- og kvalitetssikre at fagmiljøet som er knyta til studiet dekker alle krav i studietilsynsforskrifta § 2-3 (1). Ein viktig føresetnad som NOKUT legg til grunn for kvalitet i studietilbodet, er at studentane møter eit fagmiljø som er stor nok og stabilt, og som har kompetanse innanfor alle fag om emne som det skal gis undervisning i. Alle desse forholda skal vere avklart *før* søknaden sendes til universitetsdirektøren for vidare behandling. I søknaden har fakultetet gjort greie for at det er behov for å gjere følgjande tilsettingar:

- Ei 100 prosentstilling som universitetslektor/førsteamanuensis, som forutan undervisning skal ha hovudstilling som studieleiar
- Ei 100 prosentstilling som førsteamanuensis/programstyreleiar
- Ei 100 prosentstilling som førsteamanuensis
- Ei 50 prosentstilling som praksiskoordinator
- Fem 20 prosents bistillingar som lektor/førsteamanuensis i medisinske fag (legar)
- Ei stilling til timelærarar/bistillingar i dugleikstrening og ambulansefag

Universitetsdirektøren har forstått det sånn at dei stillingane som er nemnt over kjem *i tillegg* til dei som er oppgitt i den vedlagte fagmiljøtabellen *(sjå vedlegg 4 til styresaka).*

Fakultetet gjer i søknaden greie for at dei arbeidar med å få på plass fagfolk i desse stillingane. I fagmiljøtabellen er det så langt gjort greie for til saman 2,4 faglege årsverk knyta til studiet. Vidare skal fagmiljøtabellen kunne vise/dokumentere at det er førstestillingskompetanse i alle sentrale delar av studiet. Dette er framleis uavklart. I tabellen er undervisnings- og rettleiingsområde i studiet gitt til å vere innan same fagområde (akuttmedisin, ambulanserelaterte fag og traumatologi). Det er enno uklart i kor stor grad andre relevante fagmiljø skal bidra inn i studiet. I søknaden og studieplanen har fakultetet beskrive fleire sentrale delar av studiet som det skal gis undervisning i. Fakultetet har i eit eige notat til universitetsdirektøren i tillegg gjort nærare greie for fagmiljøet sin kompetanse, men dette fagmiljøet må også kunne finnast igjen i fagmiljøtabellen.

Per no er ikkje NOKUT sine krav til fagmiljø oppfylt. Dei kvantitative krava er ikkje innfridd. Normalt vil NOKUT berre gi tilsegn om akkreditering om det er mindre manglar i fagmiljøet. Sjølvakkrediterande institusjonar som UiT skal følgje dei same krava som institusjonar som må søkje NOKUT om akkreditering. Det betyr at universitetet ikkje kan opprette studieprogram kor det framleis er manglar knyta til fagmiljøet. Universitetsdirektøren har dei siste vekene vore i tett dialog med fakultetet kring dei manglane som har blitt påpeika, og som det framleis ikkje har blitt gjort greie for. Fakultetet har forsikra universitetsdirektøren om at dei vil ha eit fagmiljø som tilfredsstiller NOKUT sine krav på plass i god tid før studiestart i 2018. På bakgrunn av desse forsikringane meiner universitetsdirektøren at fakultetet framleis må få anledning til å arbeide vidare med å få etablert eit fagmiljø som dekkjer NOKUT sine krav. Fakultetet vil derfor få ein frist til 1.2.2018 med å levere ein komplett fagmiljøtabell og ein rekrutteringsplan til universitetsdirektøren.

Fagleg programleiing: Fakulteta skal i søknaden beskrive studieprogrammet si faglige leiing og på kva for slags nivå leiinga er etablert på. Fakultetet skal i tillegg gjere greie for den faglege leiinga sine oppgåver knyta til studieprogrammet, jf. studietilsynsforskrifta § 2-3 (3). I søknadsbrevet har fakultetet opplyst at studieprogrammet etablerast ved IKM med et eige programstyre. I følgje studieplanen skal den faglege leiinga av programmet ligge til programstyret, og det skal tilsetjast ein programstyreleiar. Vidare skal det i den faglege leiinga hentast inn kompetanse frå fagmiljøet som er sentrert kring akuttmedisinlærarar på IKM og akuttmedisinsk klinikk på UNN. I søknadsbrevet opplyser fakultetet om at det i tillegg til eit programstyre med ein programstyreleiar skal tilsetjast ein studieleiar. Det synes uklart for universitetsdirektøren kor koplinga mellom programstyret og studieleiaren kjem inn. Universitetsdirektøren meiner derfor at fakultetet må kunne gi ei tydelegare vurdering knyta til den faglege leiinga sine definerte ansvars- og arbeidsoppgåver. Det må og dokumenterast at dei som skal utgjere den faglege leiinga har nødvendig kompetanse til å drive kvalitetssikring og kvalitetsutvikling av studiet. Fakultetet får frist til 1.2.2018 med å gjere greie for desse manglane.

Studieplanen: Studieplanen er allereie godkjent av fakultetsstyret. Studieplanen verkar å vere godt gjennomarbeida. Fakultetet har i sitt arbeid i stor grad sett til studieplanen som Høgskulen i Oslo og Akershus har utvikla for sitt bachelorprogram i prehospitalt arbeid. Universitetsdirektøren ser likevel grunn til å gjere oppmerksam på det fakultetet har gjort greie for knyta til internasjonalisering og utveksling i studieplanen. Når det gjeld ordningar for internasjonalisering i eit studieprogram, er det eit krav at fakulteta i studieplanen skal gjere nærare greie for korleis ordningane/avtalane er fagleg relevante for det aktuelle studieprogrammet. Dette er ikkje innfridd per no. Universitetsdirektøren føreset at ordningar for både internasjonalisering og utveksling og som er tilpassa studieprogrammet sitt nivå, omfang og eigenart, kjem på plass i god tid før studiestrart 2018. Utvekslingsavtalane som fakultetet inngår skal vere bindande. Når det gjeld utveksling generelt, gjer universitetsdirektøren oppmerksam på at UiT i utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet har som mål å ha kvalitetssikra utvekslingsavtaler knyta til alle ordinære studieprogram. I tillegg skal studentutvekslinga auke slik at 20 prosent av studentane som fullfører ein grad i 2020 skal ha hatt eit studieopphald over tre månadar i utlandet.

Utover dette har universitetsdirektøren i tillegg nokre mindre merknadar, og det vil vere behov for å gjere nokre mindre justeringar knyta til enkelte av dei resterande beskrivingane i studieplanen. Dette er tilbakemeldingar som vil bli gitt i eit eige brev til fakultetet.

Læringsutbyte: Fakultetet har i både søknaden og studieplanen gitt ei utførleg beskriving av læringsutbytet for studiet. Universitetsdirektøren har ikkje dei nødvendige føresetnadane til å kommentere dei faglege vurderingane som ligg bak desse beskrivingane. Dette er ei kompetanse som er tillagt dei enkelte fagmiljøa.

Kvote for søkjarar frå Nord-Noreg: Fakultetet har i søknaden tilrådd at det etablerast ei kvote for søkjarar frå Nord-Noreg på 50 prosent av studieplassane. Fakultetet grunngjev dette med at behovet for yrkesutøvarar er stort også i landsdelen, og at ei slik kvote vil sikre at ein del av studentane blir i Nord-Noreg etter at dei har fullført utdanninga. UiT har allereie eigne regionale kvotar på fleire av sine helsefaglege utdanningar. Det er Kunnskapsdepartementet som både fastset desse kvotane og storleiken på kvotane gjennom forskrift om opptak til høgre utdanning. UiT må derfor søkje departementet om å få etablere ei nordnorsk kvote for bachelorprogrammet i paramedisin. Ei nordnorsk kvote for dette programmet kan tidlegast kome på plass frå og med opptak til studieåret 2019/2020. Dette har samanheng med dei fristane departementet har sett for å søkje om slike endringar i forskrifta. Universitetsdirektøren vil i dialog med departementet vurdere om UiT skal søkje om å få etablert ei nordnorsk kvote for dette programmet.

Finansiering: Fakultetet har i søknaden oppgitt at studieprogrammet dei første to åra skal finansierast i samarbeid med UNN. Universitetsdirektøren har fått opplyst at dei samla kostnadane enno ikkje er heilt avklart, men at UNN har garantert for 1,85 millionar per år i to år. Fakultetet har i tillegg garantert for finansieringa av det tredje studieåret. Som nemnt i saksframlegget, føreset universitetsdirektøren at andre kostnader som ikkje blir dekt av UNN blir teke innanfor fakultetet si eige ramme. Studieprogram som er delvis finansiert med bidrag frå ein ekstern aktør skal følgje UiT sine retningsliner for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA). Universitetsdirektøren legg til grunn at fakultetet avklarar desse forholda med Avdeling for økonomi i god tid før studiestart.

Jørgen Fossland
konstituert universitetsdirektør

Heidi Adolfsen
studiedirektør